



«Overordna analyse og Selskapskontroll»

Sogn og Fjordane fylkeskommune - 2016

Marianne Vara

Leikanger 29.08.2016

Innhald

1. Føremål og problemstillingar	2
1.1 Bakgrunn.....	2
1.2 Føremål.....	2
1.3 Kva er ein «overordna analyse».....	2
2. Risiko- og vesentleghetsvurderingar	3
2.1 Kriterium.....	3
2.2 Metode	4
3. Fylkeskommunen sin eigarstrategi	5
4. Oversikt over selskapa og stiftingane	6
Tabell 1 – Selskap innafor kl. § 80.....	7
Tabell 2 – Selskap utanfor kl. § 80	9
Stiftingar.....	13
5. Forslag til prosjekt.....	16

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

SF revisjon har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i SAK 51/15 gjennomført ein overordna analyse av den fylkeskommunale eigarskapen i selskap der Sogn og Fjordane fylkeskommune er eigar/medeigar av.

Den overordna analysen er utarbeida med utgangspunkt i prosjektplanen.

1.2 Føremål

I følgje **Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar** skal kontrollutvalet utarbeide ein **Plan for selskapskontroll**. Planen skal vere basert på ein overordna analyse.

1.3 Kva er ein «overordna analyse»?

Frå 01.01.2013 vart kontrollutvalsforskrifta endra, og det vart innført krav om at plan for selskapskontroll skal vere basert på ein overordna analyse av eigarskap ut frå risiko- og vesentleghetsvurderingar . Det er elles lite spesifikke krav til gjennomføring av analysen i lov og forskrift, og det er opp til kontrollutvalet å ta stilling til ressursinnsatsen knytt til oppdraget.

Vi har på eit overordna nivå søkt svar på følgjande spørsmål i analysen:

- Kva for selskap er Sogn og Fjordane fylkeskommune eigar/medeigar av?
- Korleis forvaltar Sogn og Fjordane fylkeskommune eigarskapen?
- Kor vesentleg er fylkeskommunen sin eigarskap til det einskilde selskap?
- Kva for risiko er knytt til det einskilde selskap?
- Kva for selskap er aktuelle for selskapskontroll?

Vi har i analysen samla inn og strukturert informasjon som allereie er kjend, og har i liten grad søkt å skaffe fram ny informasjon. I tillegg har vi gjennom spørjeundersøkingar arbeida for å få informasjon om selskapa frå leiande personar i fylkeskommunen.

2. Risiko- og vesentleghetsvurderingar

2.1 Kriterium

I forhold til risiko har vi teke utgangspunkt i følgjande moment:

3

- Risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med fylkestingets vedtak og føresetnadar.
- Risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
- Risiko for at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer det i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnadar

Når det gjeld vesentleghet har det vore viktig å sjå på det ut frå kva som er vesentleg for Sogn og Fjordane fylkeskommune. To viktige forhold vi har teke med her er:

- Fylkeskommunen sine økonomiske interesser
- Brukarperspektivet

Vi har på bakgrunn av risiko- og vesentleghetsmomenta lagt følgjande kriteria til grunn for analysen:

1. Selskap der det er avdekka mulige risikoforhold
2. Selskap med berre offentleg eigarskap
3. Selskap som har eit samfunnsansvar
4. Selskap som leverer tenester som høyrer til det offentleg tenestetilbodet
5. Selskap som leverer verksemeldskritiske tenester til kommunen,
6. Selskap som er heileigd av Sogn og Fjordane fylkeskommune
7. Selskap der fylkeskommunen har omfattande eigarinteresse i tal på aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen,
8. Storleiken på gevinst/tap potensialet
9. Etikk og omdømme

2.2 Metode

Dokumentinnsamling

Vi har innhente dokumentasjon om selskap som Sogn og Fjordan fylkeskommune har eit eigarskap til. Dei mest sentrale dokumenta har vore fylkeskommunens årlege eigarmelding og årsrekneskap og årsmeldingar om selskapa. Informasjon i offentlege organ som Brønnøysund registeret og internett adresser som t.d. Purehelp¹ har også vore nytta.

4

Intervju/spørjeundersøking

Vi har gjennomført spørjeundersøking av sentrale politikarar og leiande personar i fylkeskommunen.

Prosessmøte med kontrollutvalet

Som ein del av prosessen har det vore sentralt å involvere kontrollutvalet. Innsamla informasjon om det einskilde selskap har vore drøfta med kontrollutvalet 25.08.2016 i møte før endelige rapport vert utarbeida.

Analyse

Innsamla informasjon har vore gjennomgått og vurdert for utarbeiding av rapporten.

¹ Purehelp.no er en norsk business søkermotor som har som mål å eksponere norske bedrifter og tjenestetilbydere på en målrettet måte via Internett. Selskapets visjon og mål er å kunne tilby attraktive og nyttige gratisjenester til norsk næringsliv og offentlig sektor via Internett.

3. Fylkeskommunen sin eigarstrategi

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidet eigarmelding for fylkeskommunalt eigarskap som vert gjennomgått og handsama i fylkestinget kvar haust.

Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskap i verksemder skal oppfylle eitt eller fleire av følgjande krav jf. Eigarmelding 2015:

5

1. «Finansielle mål:
 - *Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet, som til dømes Sogn og Fjordane Energi AS.*
2. Næringsutvikling:
 - *Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, som til dømes Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS.*
 - *Delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap, som til dømes Fjord Invest Såkorn AS.*
 - *Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.*
3. Fylkeskommunale-/kommunal fellestiltak:
 - *Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordeler i tenesteproduksjonen, som til dømes Kommunekraft AS.*
 - *Delta i selskap som har stort innslag av ansvar for å tilrettelegge for særlege grupper. (Sogneprodukter AS og Origod AS)*
4. Fylkesomfattande kulturselskap
 - *Delta i selskap saman med til dømes kommunar for å sikre drift av fylkesomfattande kulturinstitusjonar, som til dømes Sogn og Fjordane Teater LL.»²*

² Eigarmelding 2015, side 5

Vidare kjem det fram av Eigarmeldinga 2015 at det er fylkesutvalet som løpande utøver eigarrolla i selskap på vegne av fylkestinget.

«Fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet vert utøvd gjennom den valde representanten i det operative eigarorganet, dvs. representantskapet eller generalforsamlinga. Fylkesutvalet drøftar regelmessig eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa, særleg om den er i samsvar med føremålet med eigarskapen i selskapet, kva forventningar ein har til selskapet og om fortsatt eigarskap er hensiktsmessig. Fylkesutvalet drøftar eigarskapen med fylkeskommunen sine eigarrepresentantar i selskapa sine representantskap og generalforsamlingar. God eigarskapsstyring er mellom anna å gje klåre signal til eigarrepresentantane om fylkestinget sitt mål og strategi med eigarskapen i det enkelte selskapet.

Representanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet og må difor reflektere fleirtalet i fylkesutvalet. Det er difor viktig med dialog mellom fylkesutvalet og eigarrepresentanten i forkant av generalforsamlinga eller representantskapet for aktivt å kunne utøve eigarstyring.

Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal fylkesutvalet særleg legge vekt på at fylkeskommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser i samsvar med fylkestinget sine føringer og i samsvar med selskapslovgivinga.»³

4. Oversikt over selskapa

Oversikten er basert på opplysninger frå Purehelp og Sogn og Fjordane fylkeskommune si Eigarmelding 2015.

Vi har sett opp ein oversikt over selskapa fordelt på 2 tabellar. I tillegg har vi teke med ein oversikt over alle stiftingar som fylkeskommunen har eit forhold til.

Tabell 1 inneheld ein oversikt over selskap som høyrer inn under kl's § 80. Dette er interkommunale selskap og aksjeselskap som er heleigde av fylkeskommunen eller eigd saman med andre kommunar/fylkeskommunar. Disse selskapa har fylkeskommunen full innsynsrett i og kan gjennomføre selskapskontroll av fullt ut.

Tabell 2 inneheld ein oversikt over selskap som fylkeskommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Disse selskapa har i tillegg til kommunar/fylkeskommunar private eigarar eller liknande. Det betyr at fylkeskommunen ikkje har meir innsynsrett i disse enn det dei har som aksjonærar. Det kan gjennomførast selskapskontroll også av disse selskapa, men med avgrensingar. Type kontrollar kan gå på t.d.: a) I kva grad selskapet

³ Eigarmelding 2015, s.21-22

opptrer i tråd med eigarane sine intensjonar, b) Om val og opplæring av styrrepresentantar skjer etter fylkeskommunen sine reglar og rutinar, c) Om rapportering frå selskapet skjer i samsvar med retningslinjer m.m. Kontrollutvalet/fylkestinget kan inngå avtale med styret i disse selskapa om full innsyn for gjennomføring av t.d. forvaltningsrevisjon også i disse selskapa.

I tabellen har vi sett opp kolonnane; **Vesentleghet, Risiko og Prioritering** som hjelpemiddel under drøftingsmøte med kontrollutvalet.

Kollonna **Vesentleg** går på fylkeskommunen sin storleik på aksjeposten/eigardelen i selskapet.(det kan vere stor skilnad mellom verdien på aksjane og dei samla verdiane i selskapet) Forslag til fordeling er som følgje:

- under 1 mill= Låg (grøn farge), 1 – 10 mill = Midels (gul farge) og over 10 mill er Høg (raud farge)

Kollonna for **Risiko** går på innspel og kunnskap om forhold i selskapet som kan påverke selskapets økonomiske situasjon, omdømme, tenestene selskapet leverer m.m..

Kollonna for **Prioriteringar** vil vere ei samla vurdering basert på kolonnane for **Vesentleghet og Risiko**.

Tabell 1 - Selskap innafor kl. § 80

Selskapsnamn	Selskaps-Type	Føremål	Eigardel	Vesentleg	Risiko	Prioritering	Kommentarar
F1 Holding AS	AS	Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar i transportselskap og anna verksemd som står i samband med føremålet	100 %	Store økonomiske verdiar. 147 mill			Eigar av aksjane i Fjord1 AS. Gjennomført kontroll 2013,2014 og 2016.
Sogn og Fjordane Holding AS	AS	Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom og anna verksemd som står i samband med føremålet.	100 %	Låg 30 000,-			Ingen aktivitet
Sogn og Fjordane Teater L/L	AS	Teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Det kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.	80 %	Låg 80 000,-			Gjennomført selskapskontroll i 2007.

Trivselshagen IKS	IKS	Planleggje, bygge, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vgsk nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppe kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakrane.	50 %	Høg 47 mill			
Lutelandet Utvikling AS	AS	Arbeide for utnytting av Lutelandet til industriføremål.	48 %	Låg 768 000,-			Gjennomført selskapskontroll 2012/2013.
Sogn og Fjordane Revisjon IKS	IKS	Dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll jf. kl. § 77 pkt. 4 og 5 samt attestasjonsoppdrag, Slike tenester skal i tillegg kunne leverast til KF, interkommunale samarbeid og IKS tilhøyrande eigarane.	42 %	Låg 480 000,-			
Firda Billag AS	AS	Transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eigedom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande selskap.	5 %	Låg 500 000,-			Gjennomført selskapskontroll 2011.
VIGO IKS	IKS	Selskapet sitt føremål er å utvikle/vidareutvikle, eige og/eller drifta, alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltakarane, fylkeskommunane sitt felles inntaks- og forvaltingssystem for elevar/lærlingar i Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skuleadministrative system. Selskapet skal vidare levere eller formidle levert naudsynt faglege kurs eller rettleiing til deltakarane på systema ein har rettar/driftsoppgåver knytt til.	1/19 del	Låg			Oppretta 2012
Fjord Norge AS	AS	Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal av reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.	8,9 %	Låg 370 000,-			
Kommunekraft AS	AS	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidleing.	0,31 %	Låg 1 000,-			Låg eigardel

Tabell 2 - Selskap utanfor kl. § 80

Selskapsnamn	Selskaps-type	Føremål	Eigardel	Vesentleg	Risiko	Prioritering	Kommentarar
Opplæringsfartøy AS	AS	Eige og drive fiskefartøy på ideell basis etter aksjelova § 2-2, hovudsakleg ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vgs. Til bruk i opplæring. Avtalen med skulen gjeld for eitt år av gangen.	76,53 %	Låg			
Luna Industri AS	AS	Selskapet sitt føremål er utvikling knytt til industriell utnytting av anorthosittressursar samt tilhøyrande verksemd. Selskapet forvaltar lisensar og patenter som har kome gjennom det forskingsarbeidet som Ife har utført på oppdrag av Luna Mineral AS.	0 %				FK har solgt aksjane i 2014
Fjord1 AS	AS	Selskapet sitt føremål er sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemder, å drive transport-, kommunikasjons-, og reiselivsverksemd. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde når dette er hensiktsmessig og er eigna til å styrke hovudføremålet, eller dette fører til ei meir rasjonell utnytting avselskapet sine ressursar.	59 %	Høg			Store økonomiske verdiar.
Fjord Invest Såkorn AS	AS	Selskapet sitt føremål er å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.	51 %	Høg			
Sogn og Fjordane Energi AS	AS	Selskapet sitt føremål er produksjon, omsetting og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette. Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved	48,15 %	Høg			Store økonomiske verdiar.

		deltaking i andre selskap med tilsvarende formål. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudføremålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar. Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane.				
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	AS	Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innafor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt og å få nasjonal kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket. Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og orretningsidear med stort potensiale.	38,17 %	Middels		
Norsk Fjordhestsenter AS	AS	Føremålet er å fremje fjordhesten som nasjonal rase gjennom å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Selskapet skal arbeide aktivt for å finansiert oppgåver knytt til dette målet, slik at senteret kan framstå med det største og beste kompetansemiljøet for fjordhest, og ha eit moderne nasjonalt anlegg. Norsk Fjordhestsenter skal vere samlingspunktet for fjordhestfolket. (nyføremålsparagraf i 2015)	33 %	Låg		
In Via AS (Sandane Industri L/L)	AS	Selskapets føremål er å skape meirverdi for menneske og samfunn. In Via AS skal skape positive endringar til beste for alle partar og vere einlærings- og kompetansepartnar.	30 %	Låg		Viktige off. tenester Ingen/lite økonomisk støtte frå FK
Mentro AS(Firda Produkt AS)	AS	Føremålet med selskapet er å drive attførings-tjenester, andre arbeidsretta tenester og det som naturleg hører med til slik verksemد.	30 %	Låg		Viktige off. tenester Ingen/lite økonomisk støtte frå FK

Sogneprodukter AS	AS	Gjennom arbeidsretta tiltak skaper selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Tenester, produksjon og handel eller anna næringsverksemd kan vere ein del av prosessen. Verksemda gir og tilbod om varig sysselsetting for personar som treng det.	27,17 %	Låg		Viktige off. tenester Ingen økonomisk støtte frå FK
Origod AS	AS	Selskapet har som føremål å drive industri og handelsvirksomhet for å sysselsette yrkesvalghemmede. Verksemda er ei attføringsbedrift og NAV er verksemdas største og viktigaste kunde. Selskapet og NAV sin jobb er å sjå muligheter og utløyse ressursar hos dei mange som står i fare for å miste fotfeste i arbeidslivet, eller aldri har hatt plass i arbeidslivet. Dette vert gjort i kombinasjon med produksjon av varer og tenester.	24,2 %	Låg		Viktige off. tenester Ingen økonomisk støtte frå FK
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	AS	Selskapet har som føremål å legge til rette for auke næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet skal ved vere ein pådrivar og koordinator for private aktørar medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet skal få ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemd i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.	22,42 %	Middels til Låg		Næringsutvikling er risikovillig kapital
Njøs Næringsutvikling AS	AS	Selskapet sitt føremål er å drive med rådgjeving. Produkt/marknads-utvikling. Leie utviklings-prosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruks-produkt. Vidare skal selskapet kunne	22,2 %	Låg		Næringsutvikling er risikovillig kapital

		investere i andre selskap i same bransje.				
Framtidsfylket AS	AS	Selskapet sitt føremål er drift og utvikling av ei felles traineeordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, drifte nettportalen framtidsfylket.no og anna rekrutteringsarbeid som i vid forstand skal vere i verksemder si interesser. Selskapet er eit felles verkty for alle verksemder i Sogn og Fjordane, og har difor som målsetjing å vere eit non-profit selskap som arbeider for fellesskapet.	4 %	Låg		Låg eigardel
Innovasjon Norge		Selskapet er eit særlovselskap. Selskapet sitt føremål er å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling i heile landet, og bidra til å utvikle ulike distrikts og regionar sine nærings-messige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering. Innovasjon Norge skal samarbeide med Sametinget om næringsutvikling i samiske område.	2,58 %	Låg		Låg eigardel
Botnaneset Industriselskap AS	AS	«Å legge til rette for næringslivet på sunt økonomisk grunnlag i regionen og spesielt bidra til å legge forholdene til rette for en videreutvikling av den olje- og gassrettede virksomheten i regionen, blant annet gjennom deltagelse i høringsrunder og politiske prosesser. Dessuten kan selskapet være med i andre selskap med lignende formål.»	0,62 %	Låg		Låg eigardel
Fjord Norge AS	AS	Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det skal særskilt arbeidast med sesongutviding.	8,9 %	Låg		Forholdsvis nytt
Interoperabilitets tjenester AS	AS	Utvikle og drive system som samlar inn, marbeider og vidaresender data som nyttast i elektroniske støttesystem innan kollektivtransporten, her elektronisk billettering, informasjonssystem, datafangst, -omarbeiding og -distribusjon ol.,	1 %	Låg		Låg eigardel

		samt tilhøyrande tenester og verksemder som står i samanheng med dette. Produkta og tenestene skal for det vesentlige selgast til statlege og/eller fylkeskommunale aktørar, eller selskap direkte eller indirekte eigd av staten eller éin eller fleire fylkeskommunar.				
--	--	--	--	--	--	--

Stiftingar – Av fylkeskommunen si eigarmelding for 2015 går det fram at fylkeskommunen er med som opprettar, eller liknande, i følgjande stiftingar. Dei fleste av stiftingane har vald inn i leiinga fylkes- og/eller kommunepolitikarar i samsvar med vedtekten.

Selskapsnamn	Selskaps-type	Føremål	Kommentarar
Stiftinga Singerheimen	Stifting	Ta vare på og drive på ein verdig måte eigedomen Dahlheim som ein kulturinstitusjon. Ved utleige skal ein prioritere tilsette ved sjukehusa i Sogn og Fjordane.	Tilskot etter søknad i 2011: kr 250 000,-
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal	Stifting	Næringsdrivande stifting. Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset.	Ingen
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid	Stifting	Næringsdrivande stifting. Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset.	Ingen
Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset i Førde	Stifting	Næringsdrivande stifting. Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved sentralsjukehuset.	Ingen
Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling	Stifting	Næringsdrivande stifting. Å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskaping i fylket.	Ingen
Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	Stifting	Alminneleg stifting. Å gjennomføre eit internasjonalt	Fylkeskommunal tilskot i 2014: kr 3 258 000,-. Får årlege tilskot frå fylkeskommunen.

		folkemusikkfestspel kvart år i Førde som skal ha folkemusikk og folkedans som hovedinnhald.		
Stiftinga Veslandsforskning	Stifting	Alminneleg stifting. Å fremje forsking med tilknyting til Sogn og Fjordane, ved bl.a. å skaffe midlar til eller drive forsking og forskningsformidling. Det er også høve til å ta oppdrag utanfor fylket.		Årlig tilskot fra fylkeskommunen: kr 800 000,-
Stiftinga Røde Kors Nordiske United World College	Stifting	Alminneleg stifting. Å fremje fred og internasjonal forståing, berekraftig utvikling og økologiske kunnskapar gjennom utdanning, forsking, kurs og andre tiltak.		Ingen
Stiftinga Nynorsk Kultursentrum	Stifting	Ideell stifting. Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevelingssenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.		Ingen
Stiftinga Langvin	Stifting	Alminneleg stifting. Å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje utvikling og nyskaping i Innvik.		Ingen
Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter	Stifting	Alminneleg stifting. Å arrangere konserter som er forankra i jazz og tilgrensa musikkformer. I tillegg skal stiftinga ivareta Norsk Jazzforbund sine regionoppgåver i region 3, også i form av		Årlig tilskot fra fylkeskommunen etter søknad. Kr 100 000,- i 2013.

		pedagogiske tiltak og turneformidling.		
Stiftinga Balejazz	Stifting	Alminneleg stifting. Å arrangere ein årleg jazzfestival i Balestrand som er forankra i, men ikkje avgrensa til norsk/regional jazz, herunder med sikte på å fremje og delta i utviklinga av musikarar og miljø som arbeider med jazz.		Årleg tilskot frå fylkeskommunen etter søknad. Kr 200 000,- i 2011
Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum	Stifting	Alminneleg stifting. Å skape interesse for og auke kunnskapen om biletkunst og Kunsthåndverk i fylket gjennom å drive kunstmuseal verksemd, som er innsamling, bevaring, forsking og formidling.		Konsolidert med Stiftinga musea i Sogn og Fjordane i 2009.
Stiftinga Norsk Country-Treff	Stifting	Alminneleg stifting. Norsk Country Treff er ein knutepunktinstitusjon med eit sjangeroppdrag, og skal ha ein leiande posisjon innanfor country-sjangeren. Føremålet er å i framtida vere den kvalitetsmessig beste festivalen i Noreg, og å arrangere eit årleg country-treff i Gloppen kommune, med eit overordna mål å presentere nasjonale og internasjonale artistar og grupper på høgt musikalsk nivå.		Tilskot etter søknad. Fikk 849 000,- i 2014.
Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark	Stifting	Alminneleg stifting. Å følgje opp verdsarv-statusen for Nærøyfjordområdet som ei heilskapleg plattform for ei regional satsing på natur og kulturbasert verdiskaping.		Ingen
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	Stifting	Alminneleg stifting. Å drive museum og å forvalte all drift ved		Årlege tilskot. Fikk kr 15 837 000,- i 2014.

		museumsavdelingane, som ledd i gjennomføringa av den statlege museumsreforma (konsolidering.)		
Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter	Stifting	Alminneleg stifting. Å vere pådrivar for forsking på historia til produksjon og distribusjon av kvernstein, vere pådrivar i arbeidet med å sikre at kvernsteinbrota i Noreg vert tekne omsyn til i samfunns- og arealplanlegginga og formidle eit representativt utval av kvernsteinsbort for framvising.		Tilskot frå fylkeskommunen i 2011: kr 1 000 000,-.
Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter	Stifting	Norsk sjøfuglsenter skal bygge opp og drive informasjonssenter for sjøfuglvern på Værlandet.		Ingen

Oppsummering:

Fylkeskommunen hadde ved utgangen av september 2015 eigarskap i 21 aksjeselskap, tre interkommunale selskap, eitt gjensidig selskap (KLP) og eitt særlovsselskap (Innovasjon Norge). Av aksjeselskapa er to (Sogn og Fjordane Holding AS og F1 Holding AS) heileigd av fylkeskommunen. Dei andre aksjeselskapa er eigde anten i lag med andre kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette. Den fylkeskommunale eigarprosenten varierer frå 80 % til 0,31 %.

Fylkeskommunen overtok aksjane i Fjord Norge AS i 2014. I tillegg vart fylkeskommunen medeigar i Interoperabilitetstjenester AS. Desse selskapa er teke inn i Eigarmeldinga 2015.

Fylkeskommunen er med i fleire interkommunale samarbeid og er medstiftar i 18 stiftingar.

5. Forslag til prosjekt

På bakrunn av innsamla informasjon har SF revisjon utarbeida forslag til prosjekt for gjennomføring av selskapskontroll.

Vi har sett opp forslag til moglege prosjekt med kriterium vi meiner kan vere relevante for prosjekta. (disse er også lista opp under pkt. 2.1) Alle vurderingane er gjort skjønnsmessige på eit overordna nivå, og vi har på dette tidspunkt ikkje fått med kontrollutvalet sine vurderingar. Kontrollutvalet sine vurderingar kan vere forskjellig frå våre. Det er til sjuande og sist kontrollutvalet som skal gjere dei endelige vurderinga og prioriteringa i prioritert rekjkjefølgje.

Kriterier:

1. Selskap der det er avdekka mulige risikoforhold
2. Selskap med berre offentleg eigarskap
3. Selskap som har eit samfunnsansvar
4. Selskap som leverer tenester som høyrer til det offentleg tenestetilbodet
5. Selskap som leverer verksemeldskritiske tenester til fylkeskommunen,
6. Selskap som er heileigd av Sogn og Fjordane fylkeskommune
7. Selskap der fylkeskommunen har omfattande eigarinteresse i tal på aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen,
8. Storleiken på gevinst/tap potensialet
9. Etikk og omdømme

Forslag til prosjekt:

Prosjekt	Kriterium	Kommentarar
F1 Holding AS	2,6,7,8	Det har vore gjennomført 3 prosjekt av selskapet dei siste 3 åra.
Sogn og Fjordane Teater LL	2,3,4,7,9	Det har vore gjennomført selskapskontroll, men det er ein stund sida
Trivselshagen IKS	2,3,4,5,9	Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll av selskapet
Vigo IKS	2,3,4,9	
Fjord 1 AS	3,4,5,7,8,9	Utanfor § 80
Sogn og Fjordane Energi AS	3,4,7,8,9	Utanfor § 80

Fjord Invest Såkorn AS	3,7,(8),9	Utanfor § 80
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	3,7,(8),9	Utanfor § 80
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	3,(8),9	Utanfor § 80
Eigarstyring	9	<p>Moglege problemstillingar</p> <ul style="list-style-type: none"> • I kva grad har fylkeskommunen tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapen. • Korleis har utviklinga vore dei siste åra i samband med fylkeskommunen sin kontroll med eigarstyring jf. Den årlege Eigarmeldinga. • I kva grad er fylkeskommunen si årlege Eigarskapsmelding tilstrekkeleg retninggivande for selskapa?

Korrigert prosjektliste med dei endringar kontrollutvalet kom fram til i drøftingane i møte 25.08.2016:

Prosjekt	Kriterium	Kommentarar
Sogn og Fjordane Teater LL	2,3,4,7,9	Det har vore gjennomført selskapskontroll for om lag 10 år sida.
Trivselshagen IKS	2,3,4,5,9	Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll av selskapet
Vigo IKS	2,3,4,9	
Opplæringsfartøy AS	3,7,9	Utanfor § 80

Fjord Invest Såkorn AS	3,7,(8),9	Utanfor § 80
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	3,7,(8),9	Utanfor § 80
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	3,(8),9	Utanfor § 80
Eigarstyring	9	<p>Moglege problemstillingar</p> <ul style="list-style-type: none"> • I kva grad har fylkeskommunen tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapen. • Korleis har utviklinga vore dei siste åra i samband med fylkeskommunen sin kontroll med eigarstyring jf. Den årlege Eigarmeldinga. • I kva grad er fylkeskommunen si årlege Eigarskapsmelding tilstrekkeleg retningsgivande for selskapa?